

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: fredag 1. mars 2019 09:44
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 9/2019, 1. MARS

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 9/2019, 1. MARS

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no. Send gjerne tips og kommentarar.

Arkiv med tidlegare nyhendebrev: <https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

STYRESAKER: STYREMØTET 7. MARS

Høgskulestyret har sitt føste møte i 2019 7. mars på Høgskulen i Volda. På ein lang dagsorden med 22 saker står blant anna årsrapport for 2018 og tilsetting av dekanar. Styresakene er tilgjengelege her:

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>

MEDIESTUDENTAR DEKKJER UNGDOMSMEISTERSKAPEN I FRIIDRETT

Ca 70 studentar og lærarar frå Avdeling for mediefag dekker Ungdomsmeisterskapen (UM) i friidrett i Ulsteinvik 1.-3. mars. Dimna IL arrangerer meisterskapen, og mediestudentane dekte UM også i 2015 og 2017. Følg med på studentanes arbeid på nettsidene til UM 2019: <https://www.nmdimna.no/live-stream-3>

JOURNALISTIKK: PRAKSISPERIODEN TEK TIL MÅNDAG 4. MARS

Praksisen på journalistikk tek til måndag 4. mars og held på fram til påske. Alt frå måndag vil www.nernett.no vere oppdatert med siste nytt. Tidleg i praksisperioden vil Radio Volda for første gong bli å høyre på DAB.

VOLDA BLIR NORSK REPRESENTANT I INTERNASJONALT LÆRARUTDANNINGSNETTVERK

Lærarutdanninga ved Høgskulen i Volda blir norsk representant i eit internasjonalt symposium om lærarutdanning som omfattar 25-30 universitet og høgskular i Europa. Symposiet vart starta i 1992 og nett no er det ingen norske institusjonar med, men Volda har altså fått tilbod om å delta. Symposiet blir blant anna støtta av Erasmusmidlar. AHL vil kontaktpunkt for HVO i symposiet.

HØYRING: NYE RETNINGSLINER FOR OPPTAK, STUDIUM OG EKSAMEN

Universitets- og høgskulelova vart endra i 2018 og 6. desember 2018 vedtok høgskulen forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda. Tidleg i februar 2019 sende Studieadministrasjonen ut utkast til retningsliner for opptak, studium og eksamen. I alt er det heile 10 retningsliner som er sendt ut - 7 til søkjarar og studentar og 3 for tilsette. Høyringsfristen var sett til 19. mars, men dette er eit stort arbeid og mange dokument så det er muleg fristen må justerast. Reglar om sensorretteleing og grunngeving på karakterar er blant dei tema som vert omtala i retningslinene. Utkastet er sendt på høyring til alle avdelingane, alle fagforeningane og til Studentparlamentet. Styresak om forskrift (6. desember 2018):

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Meetings/Details/252162?agendaltemId=203060>

FORSKINGSRESULTAT I 2018: FÆRRE ARBEID REGISTRERTE I CRISTIN

I januar kvart år skal vitenskaplege arbeid og fagleg formidling registrerast i den nasjonale databasen Cristin. Registreringane av dei vitenskaplege publikasjonane i Cristin vert lagt til grunn for fordeling av ein del av budsjettet til HVO, medan anna fagleg formidling vert fordelt internt som FoU-poeng. Til saman har tilsette ved HVO registrert 885 arbeid i 2018. I 2017 var talet 1.011. Først etter intern og nasjonal kvalitetssikring veit vi kor mange vitenskaplege publiseringspoeng HVO-tilsette stod for i 2018 og kva utteljing det gjev i budsjettet i framtida, og det får vi vite 1. april.

Slik vert dei ulike formene for vitenskaplege publikasjonar vekta utifrå publikasjonsform og kvalitet:

Kategori	Nivå 1	Nivå 2
Monografi med ISBN/ISSN	5	8
Artikkel i tidsskrift og seriar med ISSN	1	3
Artikkel i antologi med ISBN	0,7	1

FORSKINGSRESULTAT 2018 (2): HER ER DEI VITSKAPLEGE PUBLISERINGANE

Her er HVO-tilsette sine publiseringar i 2018 innanfor dei vitenskaplege kategoriane i Cristin:

5 Vitenskaplege monografier (bøker):

https://app.cristin.no/search.jsf?t=h%C3%B8gskulen%20i%20volda&type=result&filter=person_institution_idfacet~223&filter=category_idfacet~MONOGRAPHACA&filter=RESULT_YEAR~2018-2018&sort=TITLE_ASC

3 vitenskaplege artikkelssamlingar (antologiar/konferanseseriar):

https://app.cristin.no/search.jsf?t=h%C3%B8gskulen%20i%20volda&type=result&filter=person_institution_idfacet~223&filter=category_idfacet~ANTHOLOGYACA&filter=RESULT_YEAR~2018-2018&sort=TITLE_ASC

49 vitenskaplege artiklar:

https://app.cristin.no/search.jsf?t=h%C3%B8gskulen%20i%20volda&type=result&filter=person_institution_idfacet~223&filter=category_idfacet~ARTICLE&filter=RESULT_YEAR~2018-2018&sort=TITLE_ASC

34 andre vitenskaplege artiklar/konferanseartiklar:

https://app.cristin.no/search.jsf?t=h%C3%B8gskulen%20i%20volda&type=result&filter=person_institution_idfacet~223&filter=category_idfacet~CHAPTERACADEMIC&filter=RESULT_YEAR~2018-2018&sort=TITLE_ASC

FORSKINGSRESULTAT 2018 (3): SAMPUBLISERING MED ANDRE INSTITUSJONAR

HVO-tilsette publiserer ofte i lag med tilsette ved andre institusjonar, og i 2018 var det flest sampublikasjonar i lag med tilsette ved Universitetet i Bergen (21), Universitetet i Sørøst-Norge (17), NTNU (16), Oslomet (12) og Høgskulen på Vestlandet (10). For dei vitenskaplege artiklane var det også mest sampublisering i lag med tilsette ved Universitetet i Bergen.

INTERNT KURS I ONEDRIVE

Tilsette får tilbod om eit ca 1 times innføringskurs i Onedrive. Påmelding her: <https://meta.hivolda.no/kurskalender/>

FOTOGRAFERING AV TILSETTE 12. OG 13. MARS

Tilsette som ønskjer å bli fotografert til tilsetteprofilen får tilbod om det i Hans Strøm-huset rom 326, tysdag 12.03 og onsdag 13.03, kl. 11.30-15.30. Avtal tid ved å sende e-post til Daniela Elvebakk Mala på Kommunikasjon.

FØRSTEHJELPSKURS - BRUK AV HJARTESTARTAR 19. OG 28. MARS

Tilsette som ønskjer å delta på grunnkurs i hjarte- og lungeredning med hjartestartar kan delta på kurs tysdag 19. mars og torsdag 28. mars. Meld deg på kurs ved å ta kontakt med Solbjørg Nossen Leite.

PÅMINNING: STUDIEPLANAR FOR HAUSTEN 2019: FRIST ER 1. MARS

Studieplanane for hausten 2019 skal vere godkjende innan 1. mars. Det er framleis ein del studium som manglar på lista.

<https://www.hivolda.no/studieplaner/2019>

FRÅ NETTSIDENE:

VOLDASTUDENTAR FRÅ HEILE LANDET

Studiebygda Volda er attraktiv for studentar frå heile landet. Sjå intervju med nokre av dei på våre nettsider.
<https://www.hivolda.no/nyhende/finn-videoar-av-tidlegare-studentar-noregskart>

NYE EMNE PÅ KUNST OG HANDVERK TIL HAUSTEN

Frå hausten av tilbyr Høgskulen i Volda to nye emne i kunst og handverk: Teikninga lever og Trearbeid i framtidsskolen. Emna er ein del av programmet Kompetanse for Kvalitet som vidareutdannar lærarar.
<https://www.hivolda.no/nyhende/kunst-og-handverk-framtida>

PRAKSIS PÅ "HEIMEBANE" GAV TOPPSCORE

Medieproduksjonsstudiet i Volda gjorde det rekordbra i årets studiebarometer. Ei av hovudårsakane er den gode praksisen. – Vi har fått svært gode tilbakemeldingar på innsatsen til Volda-studentane, seier Magnus Ramsdalen som var linjeprodusent på NRK-serien "Heimebane".
<https://www.hivolda.no/nyhende/praksis-pa-heimebane-gjev-toppscore>

ROBOTBYGGING PÅ TIMEPLANEN

No skal alle barn i grunnskolen lære om programmering. Men då må nesten lærarane lære det fyrst. Høgskulen i Volda samarbeider med partnerskulane om å teste ut undervisningsopplegg og utvikle utdanningstilbod. No er HVO ein av to studiestader i landet som tilbyr heile løpet i denne vidareutdanninga.
<https://www.hivolda.no/nyhende/robotbygging-pa-timeplanen>

DOKTORGRADSPROSJEKT FRÅ HVO OMTALA AV TV 2

Doktoravhandlinga frå Emmy Elizabeth Langøy er oppslag i den nasjonale debatten om spesialedagogiske tiltak. Resultata viser at dagens tiltak kan gi framtidige vanskar. Avhandlinga og resultata har vorte omtala av TV 2: <https://www.tv2.no/a/10398031/>
Les meir om prosjektet her: <https://www.hivolda.no/forskning-og-utvikling/spesialpedagogikk-hvo-stipendiat-set-dagsorden>

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

7.3.2019: Styremøte nr 1/2019

17.3.2019: Symfoniorkesteret: Cinemagi. <https://www.hivolda.no/varkonsert-cinemagi>

28.3.2018: Disputas, Noregs musikkhøgskole, Øyvind Eiksund

29.3.2019: Etablering av Campusutviklingsforum i Volda

3.-4.4.2019: Solstrandseminaret, UH Nett Vest. <http://uhnettvest.no/>

10.-12.4.2019: ITS Volda (internasjonal studentkonferanse om lærarutdanning) <https://www.hivolda.no/its-volda>

23.-24.4.2019: Avdelingsseminar AMF

2.5.2019: Styremøte nr 2/2019

17.5.2019: Symfoniorkesteret: Nasjonal festkonsert. <https://www.hivolda.no/nasjonaldagskonsert-17-mai>

24.5.2019: Markering av at Yksnøya har vore friluftsbase i 40-år, Yksnøya

7.6.2019: Sunnmøre regionråd held representantskapsmøte på Høgskulen i Volda

13.6.2019: Styremøte nr 3/2019

17.-20.6.2019: The Volda Symposium 2019: Forskingskonferanse om journalistikk. <https://www.hivolda.no/volda-symposium-2019>

19.-20.6.2019: Fjordkonferansen 2019. Tema: Digitalisering www.fjordkonferansen.no

20.6.2019: Sommaravslutning med 50-års markering for oppretting av DH (1969) - 25 års markering for HVO (1994) - byggestart for Sivert (Mediehuset)

17.-18.6.2019: AKF Avdelingsseminar

20.8.2019: Semesterstart 2019-2020

18.-29.9.2019: Forskingsdagane 2019. Tema: Miljø.

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:
https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

REKTORBLOGGEN

1. mars 2019: Nei til Campus: Ja til høgskuleområde.

<https://blogg.hivolda.no/jr/2019/03/01/nei-til-campus-ja-til/>

Andre innlegg

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr>

Rektors Facebookside: <https://www.facebook.com/rektorHVO/>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget: <http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Bygging av nye studentheimar på Heltne - minutt-for-minutt-oppdatering: <https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>